



Vegard spelar i Uskedal-kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalens lovande musikar Vegard Døssland (16) er godt førebudd framfor konserten han skal halda på Vangssago i Rosendal søndag ettermiddag.

Han har mellom anna kontakta instruktørar og dirigentar.Reid Gilje, ein kjent korpsdirigent og arrangør, har spesialarrangert to stykke for Døssland, melder Kvinnheringen.Han har også hatt hjelp av ein engelsk kornettist.


Det var ein julekonsert i Uskedalen som var den direkte årsak til at Vegard står på festivalprogrammet med sin eigen konsert i godt selskap med rikskjendisar.

Journalist Morten Nygård i Grenda, som og er med i festivalstyret, spurde etter konserten om han kunne tenkje seg å halda konsert i Rosendal. Vegard er spent, men ser på konserten som ei utfordring.

Han har gode medhjelparar: Lars Storegjerde på tangentar og Sindre Aksnes (også han frå Uskedalen)på slagverk. Sindre går i niande klasse og er som Vegard med i fleire lokale korps, HUBB (Hordaland Ungdomsbrassband) og ungdomsbandet Brazzoka. Storegjerde er veteran i det lokale musikk- og jazzmiljøet.

- Eg er utruleg glad for at dei to ville vera med. Dei er svært flinke, seier Vegard. Programmet er temmeleg variert, frå rolege balladar til latinomusikk med trøkk og fart.

Vegard skal i hovudsak spela trompet men vil variera med flygelhorn. I Uskedal Skulemusikk og Rosendal Musikklag spelar han helst kornett.Vegard sitt mål for konserten er at han skal klara å gje publikum frysningar på ryggen ein gong!



Sindre Aksnes er også med i konserten til Vegard Døssland.